



## Årsmelding for Hardangerkoret 2021

Norheimsund, mars 2022

Hardangerkoret fekk to korsamlingar i 2022 trass i tilrådd avstand for songarar og nødvendig smittevern. Det blei til og med konsert i Salhus kyrkje, der «Songen vakna». Men årsmøte i mars skjedde digitalt, ei ny erfaring for Hardangerkoret. Korhelga i mars vart nemleg avlyst på grunn av restriksjonar i samband med koronapandemien.

4.-6. juni var det øvingshelg i Øystese bedehus, med overnatting og måltid på Hardangerfjord hotell. Repertoaret var (julesongar til julekonsert og) songar til konsertprogrammet «Songen vaknar». Avstand mellom songarane var framleis godt smittevern, og koristane var godt plassert langs heile veggen og på podiet i bedehuset. Heldigvis var avstanden så god og smitten så lav at ingen vart smitta i løpet av helga.

Den planlagde helga i oktober vart gjennomført i Herand kulturhus. Der var det rom for å halde god songavstand etter gjeldande retningslinjer. Koristar fekk husrom i ulike overnattingstilbod i Herand, og butikken sytte for gode måltid, både til lunsj og middag.

I november var det tid for konsert i Salhus kyrkje, med øving i forkant i Ytrebygda kulturhus.

Styret har hatt 3 styremøte, alle over telefon, og det er 5 færre enn året før. Det nye styret konstituerte seg med Anne Karin Stormyr – leiar, Eva Nærø – nestleiar, Gunnar Dalseth – kasserar, Randi Støre Gjerde – styrelem og kaffiansvarleg, Elin Vestbøstad – sekretær, Anne Marie Røynesdal og Trude Lydvo – varalemer. Eva har fungert som leiar i periodar då Anne Karin har vore plaga med helsa.

Styret har tilsaman handsama 16 saker om gjennomføring av korhelger og konsertar og nokre avlysingar. Saker som har hamna i skuggen av endå eit unntaksår gjeld særleg ekstern finansiering av korseminar, dette er framleis uavklart.

Hardangerkoret hadde i 2021 ca. femtifem betalande medlemmer, 23 sopranar, 19 altar, 5 tenorar, 8 bassar – frå Ullensvang, Ulvik, Eidfjord, Voss, Kvam, Stord, Bergen og Askøy.

Hardangerkoret er takknemlege for å ha Per Oddvar Hildre som fast dirigent. Det er inspirerende å øve på samklang og tonepresisjon, og mest av alt - å få syngje.

Styret nyttar høvet til å takke, både dirigent og kvar og ein i koret, for å vere med å gjere øvingane til eit song-lyspunkt i endå eit underleg år. Vona er no at koret får halde fram med å koma saman til øvingar og konsertar, med songlede og musikalske opplevingar.

Ref Elin Vestbøstad